



Storebø skule

Telefon 55 08 13 23/25

Skuleregler for Storebø skule

Skulereglane for Storebø skule er utarbeidd med bakgrunn i Forskrift om skuleregler i grunnskulen i Austevoll kommune. Heimel: Vedteke av kommunestyret i Austevoll kommune 19.09.2024, sak 119/24, med heimel i lov av 9. juni 2023 om grunnskoleopplæringa og den videregående opplæring (opplæringslova) § 10-7.

Skulen sine reglar gjeld på skulen og SFO.

Skulereglane gjeld og på skuleveg så langt skulen er gjort kjent med uregelmenterte tilhøve.

Dersom reglane blir broten, kan det få konsekvensar for den det gjeld.

Ulovlege tilhøve kan bli meldt til politiet. I slike tilfelle vil eleven og føresette bli informert om tilhøvet.

Verdisyn

Storebø skule er ein open, samarbeidsorientert og inkluderande skule. Alle viser omsorg og respekt for kvarandre.

Vi er mot andre slik vi ynskjer at dei skal vera mot oss.

Alle skal kjenna seg trygge, både i timane og i friminutta.

Trivsel og miljø

Vi møter til rett tid og er førebudd til skuledagen og timane

Vi er høflege mot kvarandre

- Vi helsar på kvarandre
- Vi har fin språkbruk
- Vi hjelper kvarandre
-

Vi er positive til kvarandre

Skuleregler for Storebø skule 2025

Vi har alle ansvar for at ingen er aleine

Vi passar på at alle får vera med i leik

Vi er ute i friminuttane

Friminutta på Storebø skule er mobilfrie

Vi stiller opp ute i fast rekkje når det ringer inn

Orden

Vi held orden på eigne og skulen sine ting

Vi har god orden rundt oss

- ha med lærermiddel og nødvendig utstyr til læringsarbeidet
- sett utstyr på rett plass i klasserommet
- klede og sko på knaggar og hyller i garderoben
- bidra til å halda skulen sitt område inne og ute reint og ryddig
- unngå å ta med verdisaker på skulen

Digitale enheter (som td mobiltelefonar, chromebooks, datamaskiner, nettbrett, smartklokker, etc.)

- skal kun brukast etter avtale med ansvarleg vaksen, i alle aktivitetar i skulen sin regi uavhengig av stad.
- Klasseromma på Storebø skule er mobilregulerte. Rutinen er at mobiltelefonar vert levert inn om morgonen og utlevert ved skuleslutt.
- Pedagogen i klasserommet vurderer evt. pedagogisk bruk av mobiltelefon i undervisningssamanhang.
- Smartklokker skal setjast i skulemodus i skuletida/SFO tid

Åtferd

Ingen skal plaga eller erta andre

Vi viser god oppførsel

- Vi går roleg i gangane
- Vi passar på oss sjølve så vi ikkje uroar i timane
- Vi held skulereglane og klassereglane
- Vi rekk opp handa når vi vil seia noko i timen
- Vi seier STOPP når det er noko vi ikkje likar
- Vi respekterer Stoppregelen

Tryggleik og helse

Vi er ein godtefri skule med vekt på sunn mat

Vi brukar ikkje tyggis og godteri på skulen

Vi har berre lov å kasta snøball på blink

Vi skal vera på skulen sitt område i skuletida

Vi følgjer reglar for skuleområdet

Vi følgjer reglane som gjeld for leik

Det er ikkje lov å røyka, bruka snus eller andre rusmiddel på skulen sitt område eller i skule- og SFO tida

Foreldre gjer skulen melding så snart råd er dersom ein elev ikkje kan møta på skulen

Konsekvensar ved brot på ordensreglar

Tiltak som brukast ved regelbrot

1. Tilhøvet mellom refsingstiltak og klasseleiing

Brot på ordensreglementet kan følgjast opp på ulike måtar alt etter kor alvorleg ordensbrotet er, om eleven har gjentakande ordensbrot, og kva slags føresetnader eleven har. Ofte kan det vera nok med uformelt tilsnakk, ein eller fleire ekstra rettleiingssamtalar med eleven som ledd i den samanhangande undervegsvurderinga av orden og åtferda til eleven, eller hyppigare kontakt med eleven sine foreldre enn det som er minstekravet. I andre tilfelle kan skulen finna det nødvendig med ei form for straffesanksjon eller refsingstiltak. Til dette kan berre dei som er nemnde i **punkt 2**, nyttast. Kollektiv straff, fysisk straff eller krenkjande straff kan ikkje i noko tilfelle nyttast. Sjå likevel **punkt 3** om å gripa fysisk inn for å stoppa ei hending.

2. Tiltak som kontaktlærar/lærar kan eller skal brukast som straff for brot på ordensreglementet.

Ein sanksjon skal koma så nær regelbrotet som mogeleg, men likevel ikkje tidlegare enn at kvar sak er forsvarleg opplyst og handsama.

- Skriftleg åtvaring som vert sendt til heimen, og som viser til tiltak som vil bli neste steg:

A. Pålegg om å vera på skulen før eller etter skuletid for samtale med kontaktlærar, rektor eller den rektor gir mynde, eller for å utføra pålagde oppgåver.

B. Pålegg om å retta opp den skaden eleven sjølv har påført skulen sin eigedom og/ eller eigendalar - for eksempel rydda søppel, vaska golv eller fjerna tagging, tyggis.

C. Restriksjonar i bruken av skulen sine datamaskiner.

D. Avgrensa fridom i friminutta - for eksempel påbod om å vera i nærleiken av ein namngitt tilsett, eller om å halda seg på eit avgrensa område inne eller ute.

E. Pause eller friminutt på andre tidspunkt enn andre elevar.

F. Bortvising frå undervisninga for enkelttimar (inntil to timer) eller resten av dagen - jf. Opplæringslova § 13-1 Bortvisning

G. Mellombels eller permanent overføring til annan klasse eller basisgruppe.

H. I særlege tilfelle kan ein elev flyttast til ein annan skule når omsynet til dei andre elevane gjer det nødvendig, og andre tiltak allereie er prøvd - jf. opplæringslova § 13-2 Pålagt skulebytte

I. Pålegg om å erstatta skade - jf. lov om skadeserstatning §§ 1-1 og 1-2.

Ulovleg bruk av mobiltelefon og andre tilhøve

A. Mellombels beslaglegging av mobiltelefonen for resten av skuledagen dersom skulen sine skuleregler om bruk av mobiltelefon er brotne.

B. Mobiltelefon som utan samtykke er brukt til å fotografera og/ eller gjera lydopptak av andre elevar, skal beslagleggjast. Er det mistanke om at fotograferinga og/ eller lydopptaket er krenkande, skal mobiltelefonen leverast til politiet. Eleven sine foreldre skal i slike tilfelle alltid varslast av skulen uavhengig av om også politiet tar kontakt med dei.

C. Rusmiddel og farlege gjenstandar skal beslagleggjast og leverast til politiet. Eleven sine foreldre skal i slike tilfeller alltid varslast av skulen uavhengig av om også politiet tar kontakt med dei.

D. Grove brot på straffelova - for eksempel grov vold, grove truslar, eldspåsetjing, bruk av eksplosiv, grovt hærverk eller grovt tjuveri - skal normalt meldast til politiet.

Eleven sine foreldre skal i slike tilfelle alltid varslast av skulen uavhengig av om også politiet tar kontakt med dei

3. Bruk av fysisk makt for å stansa vald, slåsskamp, hærverk osv.

Tilsette i skulen, leksehjelpa og SFO kan, når andre tiltak ikkje er tilstrekkeleg, gripa inn fysisk mot elevar for å avverjar at ein elev:

A. krenkjer ein person fysisk eller utsett seg sjølv for fysisk fare

B. skader eigedom

C. Viser ei åtferd som er sterkt fornedrande for eleven sjølv

Det fysiske inngrepet skal ikkje gå lenger enn nødvendig og det skal stå i eit rimeleg forhold til dei interessene som skal varetakast jfr. Opplæringslova § 13-4

Saksbehandlingsreglar ved sanksjonar

4. Krav til skriftleg notat

Dersom eit av tiltaka i **punkt 2** blir sett i verk mot ein elev, må skulen laga eit skriftleg notat som dokumentasjon. Det må gå fram kva for elev tiltaket er retta mot, kva for tiltak som er sett i verk, kva for ordensregel som er broten, tidspunktet for ordensbrotet, tidspunktet for gjennomføring av tiltaket, korleis eleven har forklart seg, og kva eleven sine foreldre og/ eller andre har uttalt. Notatet skal underteiknast av den som har vedtatt tiltaket, og arkiverast. Eleven og/ eller eleven sine foreldre skal utan oppfordring givast kopi eller bli gjort kjende med retten til dokumentinnsyn.

Opplæringslova § 13-5

5. Eleven sin rett til å forklara seg

Før det kan takast avgjerd om å bruka eit av tiltaka i **punkt 2**, skal eleven givast anledning til å forklara seg for kontaktlærar, rektor eller den rektor gir mynde - jf. opplæringslova § 12-2: Før det blir teke avgjerd om refsing, blant anna om bortvising, skal eleven ha høve til å forklare seg munnleg for den som skal ta avgjerda. For at saka skal vera så godt opplyst som mogeleg - jf. forvaltningslova § 17, 1. ledd - må det vurderast om opplysningar skal innhentast frå fleire enn eleven sjølv, for eksempel frå andre elevar og frå dei lærarane som kjenner eleven best - særleg eleven sin kontaktlærar.

6. Sanksjonar som berre kan vedtakast av rektor

a) Det er berre rektor som kan avgjera om eit ordensbrot skal meldast til politiet, eller om det skal krevjast økonomisk erstatning frå elev og/ eller foreldre.

b) Å visa ein elev bort frå skulen.

Rektor sjølv vedtek bortvising etter å ha rådført seg med lærarane til eleven. Før det blir gjort vedtak, skal ein ha vurdert å bruke andre hjelpe- eller refsingstiltak. Foreldra til elevar på årstrinna 1-7 skal varslast før det blir sett i verk bortvising for resten av dagen.

Rektorane kan gi lærarar mynde til å visa ein elev bort frå læraren sine eigne undervisningstimar, inntil to klokketimar- jf. opplæringslova § 13-1.

c) rektor kan flytta ein elev til ein annan klasse viss det er formåltenleg.

7. Sanksjonar som berre kan vedtakast av skuleeigar

Å flytta ein elev til ein annan skule er eit enkeltvedtak som må handsamast etter forvaltningslova kapittel IV, V og VI, og opplæringslova § 13-2. Når det er nødvendig, kan eleven flyttast til ein skole utanfor kommunen, men ikkje slik at eleven må flytte ut av heimen eller at skoleskyssen blir uforsvarleg lang.

Skuleregler for Storebø skule 2025